

Oppsummering avhøringsuttaler - Planprogram Regional plan for klimaomstilling

ESA	Organisasjon	Plantema	Hovudtrekk	Endringsforslag	
15	16/3972-26	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Plantema	Hovudtrekk	
			Generelt	FM er positive til å bidra i det vidare samarbeidet kring planen, både i adm.styringsgruppe og ev. i referanse/temagrupper som skissert i planprogrammet.	
			Generelt	Positive til at det blir utarbeidd ein regional plan for å sikre ei felles, og heilskapleg klimaomstilling i fylket.	Målsetjinga må vere at klimaomstillingsplanen med handlingsprogram skal bidra til å gjere Sogn og Fjordane smartar, grønare og tryggare.
			Generelt om klimaomstilling	Omgrepet dekker både utsleppsreduksjon, karbonbinding og tilpassing til eit endra klima.	Viktig at planen kan bidra til at det i tida framover vert retta aukande merksemd mot korleis sektorar og aktørar i fylket i fellesskap kan utnytte klimaendringane på ein positiv måte. T.d. gjennom utvikling av ny teknologi, næringsverksemd og konkurransefortrinn. For å få til dette er det avgjerande å involvere både kommunar, regional stat, organisasjonar og næringslivet.
			Generelt	For å sikre framdrift, forankring og oppslutnad meiner vi klimaomstillingsplanen i hovudsak bør innrettast som eit praktisk rammeverk som skildrar korleis ein kan koordinere relevante aktørar, satsingar, datakjelder og beste praksis.	
			Generelt	Koordinering av tilgjengelege ressursar gjennom eit mest mogleg operativt styringsdokument kan vonleg bidra til å auke forankring og engasjement på tvers av sektorar og fagområde, samstundes som ein får tilført helskaps- og utviklingsperspektivet som trengs innan klimaområdet.	
			Kunnskapsgrunnlag	Bør i størst mogeleg grad dra nytte av eksisterande kunnskapsgrunnlag og plandokument framfor å produsere nye analyser og øverlappande plandokument. T.d. FylkesROS og vedteken Verdiskapingsplan.	
			Generelt	Regional plan er meint å gi retning og relevant informasjon for klimaarbeidet i kommunane. Vi meiner heilskapstanken som ligg bak klimaomstilling tilseier at målsetjinga bør vere at kommunane integrerer klimaomsyn i overordna planverk og prosessar.	
14	16/3972-25	Klima- og miljøfag-klassen Firda VGS 2016/2017	6.1 Medverknad	Hovudkriteriet for om vi lukkast med ein regional plan for klimaomstilling, er god forståing og forankring hjå kommunar, regionale aktørar, sentrale deler av næringslivet og viktige organsisasjonar.	
			Generelt	FM meiner det er i skjeringspunktet mellom forskning, forvaltning, organisasjonar og næringsliv ligg gode muligheter for å koordinere kunnskapen og kompetansen som finst for å gjere SFJ smartare, grønare og tryggare.	
			4.3.7 Klimakunnskap	Oppmodar FK til å vidareføre klima- og miljøfaget til resten av skulane i fylket, slik at fleire ungdomar kan få betre kunnskap om problem og løysingar knytt til klimaendringane.	Det viktigaste punktet bør vere å spreie god informasjon, slik at vi får opplyste og miljøbevisste innbyggjarar.
			4.3.7 Klimakunnskap	Spreiing av klimakunnskap bør også skje til alle innbyggjarane, ikkje berre til elevar og lærerar. Gjerne gjennom samarbeid med næringslivet, der ein arrangerer kursdagar og liknande. Dermed kan ein delta gjennom jobben, ikkje avhengig av privat initiativ.	
			4.3.2 Areal og transport	Det må leggest til rette for gode kollektivtilbod for å ferdast kring om i fylket, og desse må vere gode, billege og miljøvenlege.	

		4.3.2 Areal og transport	Ved å kartlegge bussbruken kan ein nokre stader erstatte dei store bussane med mindre, meir miljøvenlege bussar.	
		4.3.2 Areal og transport	Det bør gjevast stønad til forsøk med nye, miljøvenlege transport- og maskinløysingar, eks. elektrisk traktor-robotar tilpassa vestlandsjordbruket.	
		4.3.6 Forbruk	Det bør leggst til rette for kjeldesortering i alle kommunane i fylket, både for privatpersonar og næringslivet.	
		Generell	Viktig at klimaarbeidet ikkje råkar det biologiske mangfaldet og øydelegg naturverdiar og matjord.	
		Utforming av planprogram	Høyringsutkastar er vagt og komplisert. Endeleg plan bør vere konkret, handlingsretta og forståeleg.	
		Utforming av planprogram	Ynskjer at planen blir kalla fylkesdelplan i staden for regional plan.	
13	16/3972-24	Kystverket Vest	4.3.2 Areal og transport	Ynskjer at klimaplanen ser på mogelegheiter for å overføre meir gods til kjøll og leggje til rette for skipstrafikken slik at denne blir meir effektiv og miljøvenleg.
12	16/3972-23	NVE	Generell	NVE har ingen merkander til planprogrammet
11	16/3972-22	Stryn Kommune	Utforming av planprogram	Planprogrammet ber ikkje nok preg av at vi har hastverk med klimatiltaka.
		Utforming av planprogram	Saknar eit oversyn over stoda for klimaplanlegging i fylket sine kommunar i dette planprogrammet	
		4.3.2 Areal og transport	Stryn kommune har opplevd at FK ikkje støttar tiltak i kommunen som reduserar klimautslepp i transportsektoren.	
		4.3.2 Areal og transport	Stryn tek sikte på å starte opp eit prosjekt innan arbeidsområdet "klimavenleg areal- og transportplanlegging" i 2017. Dette kan koplast mot fleire plantema i planen, og kommunen legg til grunn at dette prosjektet kan implementerast i regional plan for klimaomstilling.	
		4.3.4 Klimavenleg landbruk	Plantemaet burde ha ei meir ambisiøs målsetjing	Å finne den mest klimatilpassa måten å drive landbruk på på Vestlandet (kva struktur som gjev minst klimautslepp).
		4.3.2 Areal og transport	Oppmodar om å fokusere både på klimavenleg transport på sjø, og transport på land (som fylket har mykje av).	
10	16/3972-21	Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Bergen Sjøfartsmuseum er uttalemuseum i samband med alle tiltak som råkar sjøbotnen, og er rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utgreiingar som vil kunne råke kulturminner under vatn.	
		Generell	Har ingen særskilte kommentarar til regional plan for klimaomstilling	
9	16/3972-20	Statens Vegvesen Vest	4.3.2 Areal og transport	Naudsynt at arbeidet med RTP og klimaplan blir sett på i samanheng. Planprogrammet bør seie noko meir konkret om tilhøvet og samordninga mellom desse.
		Definisjon av klimaomstilling		Ynskjeleg at figuren på side tre blir endra for å vise ein breiare definisjon av klimaomstilling. Klimaomstilling er både klimagassreduksjon, klimatilpassing og samfunnsendring.
		5. Utgreiing og metode	Dei ulike plantema vil gje eit godt grunnlag for planarbeidet, men oppmodar til å gjennomføre utgreiingar og analyser på kvers av tema. Eks: Kva er hindringane og flaskehalsane og korleis få til synergieffektar på tvers?	

		4.3.2 Areal og transport	Vegvesenet viser til plangrunnlaget for NTP 2018-29, samt klimastrategien, der transportetatene anbefaler at utslipp frå transportsektoren reduserast med tiltak innanfor fire områder: 1) teknologi/drivstoff, 2) nullvekstmålet i byområda 3) effektivisering av godstransporten 4) Utsleppskutt i bygging, drift og vedlikehald av infrastruktur. Spesielt dei to siste er lite omtalt i høyringsutkastet.	
		4.3.2 Areal og transport	Viktig at planen tek utgangspunkt i dei utfordringar og moglegheiter som er i SFJ, og at mål og tiltak blir tilpassa dette.	
		4.3.2 Areal og transport	Oppmodar om å legge til grunn "nasjonale forventningar til region og kommunal planlegging"	
8	16/3972-18-19	HAFS Regionsråd	Klimavenleg landbruk/forslag til nytt plantema. Oppmodar FK å kontakte NIBIO Fureneset v/ fungerande dagleg leiar Liv Østrem (liv.ostrem@nibio.no) i det vidare arbeidet knytt til klimavenleg landbruk	Vurdere å ta med eit plantema som kallas "Klimavenleg oppdrett". Skape effektive ressurskrinslaup mellom algeproduksjon og fiskeoppdrett som kan auke opptak og binding av CO2
		Generell	Positive til framlagt planprogram.	
		4.3.3 Næringsliv og teknologi	Vil sterkt understreke verdien av at fylket deltek i bygging av verdikjedar som gjev redusert klimautslipp, gjennom tilrettelegging for innovasjon og "grøn" vekst i både etablerte og nye næringer.	
		4.3.1 Energiforsyning	Peike på potensialet for samlokalisering av vindkraft, bølgeenergi og framtidig hydrogenproduksjon i HAFS (særskilt Lutelandet i Fjaler)	
		4.3.4 Klimavenleg landbruk	Peike på verdiskapingspotensialet i å utnytte fiskeslam som gjødsel i landbruksproduksjon.	
		4.3.4 Klimavenleg landbruk	Innovasjon og samarbeid mellom oppdrettsnæringer (lukka merdar) og landbruk, kan erstatte kunstgjødselproduksjon og import av protein til t.d. fiskefor. NIBIO forskar på dette	
7	16/3972-17	Privat	4.3.2 Areal og transport	Særs skuffa over antal hurtigladestasjonar for el-bil i Sogn. Oppmodar om at ein etablerer hurtigladestasjonar i Sogndal, Leikanger, Vik og Skei.
6	16/3972-16	Sogn og Fjordane 4H	Generelt	Meiner planprogrammet legg opp til ein god og ryddig prosess. Håper FK prioriterer ressursar til å lage ein god plan og gå føre som eit forbilde i god klimapolitikk.
		4.3.6 Forbruk og 4.3.7 Klimakommunikasjon og klimakunnskap	Meiner desse plantema er spesielt viktige områder då desse i stor grad handlar om haldningar og handlingar. Vonar dei ideelle organisasjonane sitt arbeid med haldningsdanning og kunnskapsformidling om natur, miljø og klima blir vektlagt i planen, spesielt knytt opp til desse to punkta.	
		4.3.4 Klimavenleg landbruk	Meiner vi med hell kan gjere temaet breiar, der vi ser på alle naturbruksnæringsane, som skog og fiske. Skog som viktig karbonfangar, medan fiske og havindustrien er næringer i stor vekst og må ta sitt ansvar for klima og miljø.	
		6.1 Medverknad og organisering	Saknar presisering på korleis FK vil engasjere ungdom i arbeidet, og legge til rette for dette undervegs i prosessen. Forslaget er å invitere seg inn der ungdom allereie møtes, framfor å arrangere eigne konferansar eller liknande. Ev. invitere seg inn til dei vidaregåande skulane. Ev. delta på større arrangement i ungdomsorganisasjonane eller på festivalar og likande. Terkelsen for å bidra blir dermed låg.	
		Generelt	Ynskjer å bidra vidare i prosessen	
5	16/3972-15	Bjørgvin bispedøme	Generelt	Positive til planprogrammet. På dette området må alle samfunnsaktørar, også kyrkja, gjere sitt.

		Generelt	Bjørgvin bispedømeråd har vedtek ein samhandlingsplan for klima, miljø og bærekraft 2015-2030. Denne presiserer m.a. at bispedøma har ein sær s viktig samordningsfunksjon mellom nasjonale mål og kyrkja sin kvardag i dei lokale kyrkjelydane og fellesråda.		
		4.3.1 Energiforsyning	I samarbeid med Riksantikvaren jobbar biskopen for å gjennomføre ENØK-tiltak i kyrkjene. Dette er kostbare tiltak som lønnar seg på lang sikt. Oppmodar kommunane til å støtte ENØK-søknader frå fellesråda.		
		Generelt	Ynskjer alt godt i arbeidet med klimaplanen og vil gjerne gjere sitt for å få dette så godt som mogeleg.		
4	16/3972-14	Sogn og Fjordane SV	4.3.2 Areal og transport	Meiner det er sær s viktig at arbeidet med klimaplanen og RTP blir samordna. Kan ikkje understreke nok at Regional plan for klimaomstilling ikkje kan stå lausriven frå det arbeidet fylkeskommunen elles driv med.	Ynskjer tett samarbeid mellom fagfolka som skal utarbeide RTP og klimaplanen, slik at klimaomstilling vert eit viktig punkt i den regionale transportplanen.
			4.3.6 Forbruk		"Gjere greie for forbruket og klimagassutsleppa i fylket, og tilhøyrande globale fotavtrykk.
3	16/3972-13	Ungdomspolitisk utval (UPU)	Generell	Oppmodar om at vi må utarbeide målbare klima- og miljøstrategiar for den fylkeskommunale drifta og ikkje minst innbyggjarane i Sogn og Fjordane.	
			Plantema	Meiner 4.3 Plantema er godt formulert og viktige poeng. UPU føreslår sine 4 viktigaste tema i prioritert rekkefølge: 1) Klimakunnskap og klimakommunikasjon 2) Klimatilpassing 3) Energiforsyning og energibruk 4) Forbruk	
			4.3.7 Klimakunnskap og klimakommunikasjon	Meiner at det viktigaste i eit slikt arbeid er å spreie informasjon og kunnskap, særleg hjå dei yngre. Dette klima på dagsorden på eit tidleg tidspunkt, i BHG og skule. God ide å kople på andre organisasjonar som t.d. Ung Entreprenørskap og Firda VGS (Klimafag).	
			4.3.5 Klimatilpassing	Det skal vere trygt å bu i SFJ. Rassikring avveggar bør vere høgt prioritert, særskilt skuleveggar og pendlarruter. Inkl. å ta omsyn til klimatilpassing ved etablering av nye bustader, leikeplassar og infrastruktur.	
			4.3.1 Energiforsyning	Bør utbetre og effektivisere eksisterande energiproduksjon, i staden for oppretting av nye anlegg. Og det må satsast meir på tidevatn og bølgekraft, hydrogen m.m.	
			4.3.7 Klimakunnskap og klimakommunikasjon	Stimulere innbyggjarane til å tenkje klima og miljø i kvardagen. Eks gjennom kampanjar, tilskot og reduksjon av avgifter for husstandar som kan dokumentere oppnådde klimamål.	
			Generell	FK må vere eit godt førebilete i eiga drift, og halde fram som Miljøfyrtårnsertifisert.	
			Generell	Viktig med konkrete tiltak. Eks. meir pengar til ladestasjonar, utsleppsfri kollektivtransport, kjeldesortering i alle kommunar osv.	
			4.3.7 Klimakunnskap og klimakommunikasjon	FK må vere aktive på sosiale medium for å nå ungdomen. Viktig å tilpasse språket til målgruppa, dette kan FK verte betre på.	
			Generell	UPU ynskjer å følgje prosessen vidare, gjerne bli invitert til relevante møter/arrangement knytt til klimaplanen.	
2	16/3972-12	Forsvarsbygg		Uttaler seg med det utgangspunkt å ivareta Forsvaret sine arealbruksinteresser	
			4.3.2 Areal og transport	Føreset at Forsvaret sine arealbruksinteresser blir tatt hand om i det vidare planarbeidet. Elles ingen merknader	

1	16/3972-11	Privat	4.3.1 Energiforsyning	Byggeindustrien kan bli drivaren i det grønne skiftet.	
			4.3.1 Energiforsyning	Bruk av alternative byggemetodar og bygningsmaterialer som massivtre vil ein kunne få betre inneklime og mindre klimagassutslepp.	
			4.3.1 Energiforsyning	Minner om at FK har arbeidet med dette temaet allereie i 2012 i samarbeid med andre fagaktørar. Les rapporten "Frå skog til tre" http://www.sfj.no/byggeindustrien-kan-gjere-noreg-til-klima-og-miljoevinnar.5670687-339467.html	